

«Den norske misjonærkona i Japan»

Ei intervju-undersøking og ein rapport

AV GUNVOR LANDE

I denne artikkelen skal me ta opp spørsmåla om føremål, materiale og metode og gje ei kort skisse av spørsmålsområda undersøkinga tek opp.

I neste artikkkel skal me så setje lyset på eit par av dei konklusjonane som undersøkinga gav.

1. Føremål

Bakgrunn:

I 1977 lyste Egede Instituttet ut eit stipend på kr. 10 000,- til forsking omkring emnet: Nordiske kvinners misjonsinnsats. Dette var den ytre bakrunnen til at eg søkte på eit prosjekt om misjonærkona. Eg hadde vore i Japan som misjonær/kone sidan 1965 og var i Japan den tid undersøkinga vart gjennomførd, frå 1977-1979.

Den tid var eg forundra over at dei ulike misjonsorganisasjonane gav så liten plass til gifte kvinner i misjonsarbeidet, og at forventningane til dei var så snevre. Samstundes var eg positivt forundra over dei ressursrikdomane som låg i denne gruppa. Her fanst ressursar som nok vart kanalisiert til oppgaver som låg der – det er alltid nok å ta seg til for den som ser og vil. Men eg tykte misjonsorganisasjonane kunne ha gjort meir aktivt bruk av denne gruppa.

For meg vart det eit misforhold mellom dei positive og dei negative inntrykka, og eg meinte også at Guds rike ville kunne nå lenger ut og djupare ned om tilhøva vart lagde tilrette så ressursane kunne nyttast betre ut.

Utvikling av problemstillingar:

Etter kvart utkristaliserte dette enkle hovudspørsmålet seg: *Korleis opplevde andre koner sin situasjon?*

Etter kvart som arbeidet skreid fram, vart spørsmåla om føremålet meir differensierte og var til eit *praktisk misjonsteologisk føremål*: At undersøkinga kunne bli eit bidrag til analyse av misjonær-

konas situasjon, og i neste omgang bli grunnlag for ny gjennomtenking og nyordningar for kona.

2. Materialet

Kva ein vil undersøke. Kven som er med.

Ut i frå føremålet var det naturleg å velge ut *gruppa misjonærkoner* for å undersøke den på ein eller annan måte.

Lina ovenfrå: Ein kunne sjølvsagt finne ut korleis leiinga i misjonsorganisasjonar, lover og reglar skildra kona sin situasjon. Då ville ein finne ut det normative, korleis situasjonen «skulle og burde vera».

Lina nedenfrå: Men eg var meir interessert i å sjå korleis kona sjølv opplevde sin situasjon, dermed også korleis kona opplevde at lover, reglar og misjonsleiing fungerte i praksis.

Geografisk avgrensning til Japan var naturleg for meg med mi erfaring, og undersøkinga skulle derfor ta for seg misjonærkoner med erfaring frå Japan. Ein del ting må ein då vente blir spesielt for Japan, men ein del ting vil vera generelt og dermed også representativt for misjonærkoner i andre land enn Japan.

Tverrsnitt:

Det ville vore interessant å lage ei stor kvantitativ undersøking av alle misjonærkoner i Japan, frå alle dei kyrkjeslag og nasjonar som arbeider der. Men for å makte oppgava praktisk, avgrensa eg oppgava til *dei norske misjonærkonne* i dei 7 norske misjonsselskapene som driv misjon i Japan:

1. De Frie Evangeliske Forsamlinger, New Life League, Nytt Livs Lys, forkorta: NLL.
2. Den Evangeliske Lutherske Frikirke, Lutheran Free Church Mission, forkorta: LFCM eller Frikyrkja.
3. Den Nordiske Austasiamisjonen, tidl. Buddhistmisjonen, South East Asia Mission, forkorta: SEAM eller Austasiamisjonen.
4. Det Norske Misjonsselskap: forkorta NMS.
5. Norsk Evangelisk Orientmisjon, forkorta Orientmisjonen.
6. Norsk Luthersk Misjonssamband, forkorta NLM eller Sambandet.
7. Pinsevennenes Ytre Misjon, forkorta: PYM.

Internasjonal gruppe til samanlikning:

Men for å ivareta noko av det førstnemnde perspektivet er det med

ei gruppe på 18 misjonærkoner frå denne større gruppa. Dei er utvalde for å representera ulike land (5 i alt), ulike kyrkjesamfunn (7 i alt) og ulike lutherske kyrkjeorganisasjonar (etter som norsk misjon i stor mon er luthersk): 5 ulike organisasjonar frå 3 ulike land.

Lengdesnitt:

Protestantisk misjon i Japan byrja i 1859, dvs. godt over 100 år sidan, men all norsk misjon kom først til landet etter 2. verdenskrig, 1949–50. Det har, til og med undersøkinga, vore i alt 79 norske misjonærkoner i denne perioden. 38 stk. var i Japan i undersøkingsperioden, og 41 stk. som hadde vore i Japan, men i den aktuelle undersøkingsperioden a) var i andre land som misjonær, b) hadde sluttat og var i Noreg, c) var i Noreg på lengre eller kortare heimeopphold.

No og før

Det var naturleg å dele den norske gruppa inn i 2 etter dette tidsperspektivet, og karakterisere dei ved hjelp av tidkonjunksjonane NO og FØR. NO-gruppa var då dei som var i Japan under undersøkinga, FØR-gruppa dei som på ein eller annan måte hadde Japan-tida som fortid.

Deltaking i %:

Det var 100% deltaking i NO-gruppa, 56% deltaking i FØR-gruppa, i alt ein deltakingsprosent på 78%. Tilsaman i dei 3 gruppene: NO + FØR + den internasjonale gruppa er det med 79 personar i undersøkinga.

Relasjon mellom gruppene:

Hovedvekta vart lagt på gruppa NO, og også på tida NO: dvs. korleis dei norske misjonærkona som var i Japan i undersøkingsperioden, sjølv opplevde sin situasjon då. Den internasjonale gruppa kjem inn som ein tverrsnittsrelasjon, dei er i Japan samstundes med NO-gruppa. Den norske FØR-gruppa kjem inn som ein lengdesnittsrelasjon, som kan hjelpe til med ei samanlikning med tidlegare tider.

Tidsinterval (Den perioden undersøkinga dekker)

Undersøkinga vart gjort i tidsbolken 1977–79, og dekker norske

misjonær-koners situasjon frå norsk misjon byrja i Japan etter kri-
gen og til undersøkinga slutta, dvs. ca. 30 år. Men sentrum og
hovedvekta er lagt på undersøkingsperioden.

Dermed er også ein god del av problemstillingane gitt, og uteluk-
kar også interessante problemstillingar. (T.d. denne som eg blei
merksam på under arbeidet: Kvifor oppfattar dei norske konene i
dei lutherske selskapa seg så uproblematisk og naturleg som «først
og fremst mor» og set omsynet til barna først, når norske misjonær-
koner i dei sama selskapa tidlegare sette att borna sine heime i Noreg
og reiste ut til misjonslandet saman med mannen sin. Var dei ikkje
«først og fremst mor» den gongen? Kva har skjedd i mellomtida?
Kva for faktorar har endra praksis og hennar sjølvoppfatning? - Ei
slik problemstilling kan ikkje takast opp fordi tids-perioden er for
kort.)

Anna materiale:

Materialet har ut frå føremålet vore MENNESKA SJØLVE, den
aktuelle gruppa sjølv.

Problemstillinga var såpass ny i 1977 at det fanst svært lite rele-
vant litteratur innan missiologien. Som døme frå det som fanst, kan
nemnast at Beaver omtalar misjonærkona på eit par sider under
overskrifta: frustrasjonar. Men han kjem rett nok med konklusjo-
nen: «Let the wife be a missionary».

Grunnreglar, komitehandsamingar og spesielle skriv om kvinnas
situasjon har eg hatt tilgjenge til både frå norske og ikkje-norske
misjonsorganisasjonar, men ut frå føremålet (sjå: lina nedanfrå)
har desse vore sekundæra i forhold til konas oppleving og tolking av
korleis dei fungerer i hennar situasjon.

Undersøkinga og rapporten er gjorde i tilknytning til eit misjons-
miljø, ikkje eit universitetsmiljø, men generell litteratur var det råd
å få tak i.

3. Metode

Intervju

Ut frå føremålet var det naturleg å velge intervju. Det eg ville under-
søke var korleis den norske misjonærkona i Japan opplevde sin
eigen situasjon. Eg valde då ein intensiv kvalitativ metode som gjor-
de det mogeleg å gå i djupna hos nokre få ut frå spørsmål som dekka
eit større felt av livsområdet, heller enn ein kvantitativ ekstensiv me-

tode. Men fordi så mange som 79% av alle norske misjonækoner i Japan er med i undersøkinga, er representativiteten så god at det skulle vera råd å trekke generelle slutningar. Då eg kom i gang med intervjuet vart eg igjen overtydd om at valget av denne metoden var den mest føremålstenlege.

Intervjuet var munnlege i Japan, pr. spørjeskjema for dei som ikkje var i landet lenger. Dette metodiske skiljet mellom munnlege og skriftlege intervju støtta opp under den førenemnde todelinga i den norske gruppa ut frå tidsperspektivet, og vart endå ein grunn til skiljet mellom NO- og FØR-gruppa.

Form

Kvart munnleg intervju var på 2-3 timer, med spørsmål ut frå eit fast problemområde, der me gjekk djupare eller grunnare inn i spørsmåla alt ettersom den einskilde hadde opplevd/reflektert mykje over emnet eller ikkje. Derved vart mine eigne problemstillinger stadig korrigerte og supplerte.

Avsnittsoverskriftene i rapporten avspeglar problemområda i intervjuet, rekkefølgja er òg stort sett den same.

Med erfaring frå dei munnlege intervjuet vart så dei skriftlege spørsmåla sette opp. Nokre få av dei som svara skriftleg, syns spørsmåla var mange og lange, men langt fleire gav uttrykk for at det var interessant å ta ei slik oppsummering av erfaringane frå Japan.

Den internasjonale gruppa vart intervjuet munnleg på norsk (skandinavane) eller engelsk (ikkje-skandinavane). Ein del ord og begrep har ulik innhaldsfylde på dei 2 språka om dei enn er direkte omsetjingar. Eg prøvde å gjera rett og skjel for dette i dei engelske intervjuet. (Det norske ordet: KALL er eit slikt døme, det må/kan omsetjast med fleire engelske ord.)

Innhald

Føremålet var å undersøke korleis den norske misjonærkona opplevde sin eigen situasjon. Dette meinte eg kom best fram om me i intervjuet gjekk djupt ned over eit felt som dekka ein større del av livssituasjonen.

Eg var svært medveten om å halde meg til konas eiga oppleveling og erfaring (lina nedanfrå), og ikkje spørje om korleis situasjonen «burde og skulle» vera (lina ovenfrå). Men av og til kom me i intervjuet inn på konflikten mellom desse.

Me skal gå gjennom dei viktigaste spørsmålsrområda her, og også

skjele til svara. Spørsmålsområda omfatta felt som ville vera avgjande for å forstå konas livssituasjon, slik som personalia, utdanning og yrkeserfaring i Noreg og Japan. (Det viste seg vera ein velutdanna flokk).

Spørsmålet om *misjonskall* måtte bli viktig: korleis kona tenkte om kall, om kona hadde eige kall eller gifte seg til det, spørsmålet om livslangt kall, kva hennar eige forhold til kall hadde å seie for opplevinga av situasjonen. – Dette viste seg å bli eit viktig avsnitt med mange nyanserte svar.

Spørsmålet om ei eller anna formell innsetjing eller ikkje til misjonstenesta måtte også med. – Det viste seg å vera eit punkt med mange såre erfaringar. Her bør misjonsorganisasjonane arbeide med kva type formell innsetjing dei legg til rette, og sjå til at praksis blir rettferdig og likt gjennomførd.

Statusspørsmåla, både korleis kona opplevde at hennar status var, korleis ho oppfatta sin plass i misjonsarbeidet, og kva ho tykte om den status ho hadde, var viktige spørsmål for å forstå konas situasjon.

Det viste seg å bli eit svært avsnitt med mykje stoff. Problemstillingane i heile undersøkinga samla seg her, og rapporten løyste seg når dette punktet vart løyst. Dette var mykje meir sentralt enn venta. I spørjeskjemaet er dette punktet t.d. jamlangt med dei andre spørsmåla.

Spørsmåla om kva kona såg som si misjonsoppgave var stilt for å sjå kvar ho la ned kreftene sine. – Her kom skilnaden mellom dei lutherske og dei ikkje-lutherske norske konene fram. Generelt sagt: Dei lutherske såg ofta oppgava si som «åpen heim», dei ikkje-lutherske hadde helst ei ytre oppgave dei såg som si misjonsoppgave. Samankopla med skilnadene som kom fram i avsnittet om status, vart dette til spennande problemstillingar.

Det viste seg at det skjer ei utvikling med den einskilde kona når det gjeld oppfatning av oppgave, som er så vanleg at det kan uttrykkast generelt: Gjennom kriser og problemløysing i eit nokolunde fast mønster, nærmare ho seg den sjølvoppfatning som statusen i hennar misjonsorganisasjon legg tilrette for henne.

Elles omfattar spørsmålsområda konas tilhøve til: språkstudium, økonomi, misjonærbarna og deira skulegang, flytting, heimeopphold, roller og rolleforventing, det japanske kvinneidealet, dessutan: ekteskapets sjanse og mulighet, helse, stress, relasjoner til overordna og samarbeidande partar og tilslutt: personleg kristenliv.